

KS
Postboks 1378 Vika

0114 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
07/2393-3 AOD

Dato
12.10.07

Invitasjon til oppstartseminar for Utstillingsvindaug for kvinner i lokalpolitikken

Vi har med dette gleda av å invitere dykk til oppstartseminaret til Utstillingsvindaug for kvinner i lokalpolitikken. Vi inviterer dykk til å delta med to personar i tillegg til KS sin medlem i referansegruppa.

Seminaret finn stad på Quality Hotell i Stjørdal 12.-13. november.

Kommunal- og regionaldepartementet ordnar innkvartering og betalar for konferansen og opphaldet. Dei som skal overnatte *privat* må gje beskjed om det ved påmelding. Då det ikkje er kapasitet til at alle kan overnatte på Quality Hotell i Stjørdal, vil nokre av deltakarane bli innkvarterte på Norlandia Stav Gjestegård. Dei som skal overnatte her får nærare beskjed på e-post. Departementet vil ordne med buss til/frå Norlandia Stav Gjestegård og konferansehotellet. Konferansehotellet ligg ca 3 km. frå flyplassen på Værnes.

Deltakarane må sjølve bestille reisene sine til/frå seminaret.

Påmelding til: marianne.ovestad@krd.dep.no innan 26. oktober.

Eventuelle matallergiar og liknande må dykk gje beskjed om ved påmelding.

Ta kontakt med rådgjevar Anne-Karin Ødegård (anne-karin.odegard@krd.dep.no) viss de har spørsmål knytt til prosjektet eller innhaldet i seminaret.

Vi ser fram til to spanande og interessante dagar saman med dykk.

Vel møtt!

Med helsing

Hans Petter F. Gravidahl (e.f.)
underdirektør

Anne-Karin Ødegård
rådgjevar